

Kulturskatt eller gamalt «ræl» — om byggeskikk og bygningsvern

Av Alf Eggset


I 1850-åra reiste Eilert Sundt gjennom Gudbrandsdalen og Østerdalen og samla opplysningar om almuens kår og seder, og frå karjolen likte han å betrakte husklyngene som låg langsetter vegen. «Da gik det op for mig», skriv Sundt, «at i vore mere gammeldags bygder er der noget, som man kan kalde bygnings-skik:»

Fra byerne havde jeg medtaget den forestilling at når der skulde bygges huse, så byggede hver mand «efter sit eget hoved»; men det var mange af mine tidligere forestillinger, som ikke passede på landsbygdernes virkelighed, og her fandt jeg det at være mere så, at når en mand skulde til at bygge et hus, så faldt det ham ikke lettelig ind at gjøre det stort anderledes end et hus nu engang skulde være «efter skikken». (Sundt s. 1).


Sundt fann at folk valde tradisjonelle løysingar når dei skulle bygge hus, både når det gjaldt inndeling og bruk av romma, antal etasjer og plassering av dører og vinduer.


Til denne bygnings-skikken hørte óg ein fast «anordnings-skikk», det vil seie kvar ting hadde sin faste plass i stua. Om ein først er kjent med skikken i eitt hus, veit ein og korleis det er i alle andre hus av same typen. Her vil det derfor ikkje oppstå trette mellom mann og kone om kor skapet skal stå, ifølge Sundt, «såsom skikken har afgjort tingen for længe siden».

Eilert Sundt levde i ei brytningstid da nye hus i «sveitser»-stil var i ferd med å fortrenge dei gamle bygningane. Han skriv derfor at det skulle vore artig for oss norske å sjå kva norske arkitektur kunne få ut av Telemark, Gudbrandsdalen og Østerdalens jamne, trufaste hus-skikk. Kan hende dei til slutt kunne glede oss med noko som var både «hjemligt og tækkeligt» ifølge Sundt.



Sundt viste mellom anna at «barfroststua» var karakteristisk for Nord Østerdalen; ho har fått namnet etter det tårnliknande tilbygget framfor inngangen. Stua på bildet kjem frå Nestebyjordet, og står like ved Alvdal sentrum.





Kvar ting hadde sin faste plass i østerdalsstua; til og med plassering av handkleylla eller «kastet». Sundt skriv om dette: «At hænge et håndklæde op, det er en så overmåde liden sag, at man skulde tro, det måtte være overladt til hver husmoder at gjøre det efter behag, så eller så; men dette, at tingen i sig selv var yderlig liden og alligevel så ens, det viser netop, at vi her have en skik for os - en skik, som så at sige har ordnet tingen med sine forskrifter». Denne østerdalsstua frå Holrøsta i Sølndalen (Alvdal), er mindre enn stuene på dei større gardane, og ho er malt av Ola Bedokken frå Gudbrandsdalen i 1829.

Den byggeskikken Eilert Sundt skreiv om er prega av ein konkret, folkeleg handverkstradisjon. Tømmermannen hørte gjerne sjølv til i lokalsamfunnet, og kunnskap om materiale og byggeteknikk hadde han frå eldre handverkarar. Ein hadde derfor ikkje teikningar, berre erfaring frå tidlegare bygg å halde


seg til. Men sjølv om både hustype og innreiing var bunde av skikken, vart husa likevel ikkje einsformige og like. Dei lokale handverkarane var flinke til å skape variasjon i utforming av detaljar. Impulsar frå arkitekturen ute i Europa nådde og Østerdalen. Kor sterk påverknaden frå europeiske moteretningar var, varierer i dei enkelte bygder og med ulike handverkarar. Ofte tok ein berre opp små, mindre viktige trekk, slik at det er vanskeleg å knytte byggeskikken til bestemte stil-epokar. Som regel er det sveitserstilen som bryt mest med det gamle. Denne stilen kom inn via byane omkring 1850 og var i bruk til om lag 1920.




I dag skjer handverksutdanninga for ein stor del i samfunnsmessig samanheng, ved yrkesskolane. Sjølv kurs i handlafting blir organisert av Statens teknologiske institutt. Men ein stor del av kunnskapen får ein likevel gjennom praktisk erfaring på byggeplassen. Biletet ovafor er frå eit laftekurs på Alvdal våren 1981.



Bratte tak, lange takskjegg og åpen svalgang er karakteristisk for sveitserstilen. Tidlegare var svalgangen helst lukka, berre med mindre lysglugger. Elles varierer utsmykkinga frå bygg til bygg med byggherren si økonomiske evne. Delvis var det store mengder lauvsagarbeid. Biletet over viser det gamle hotellet på Alvådal. Nedafor ein vaktarbolig ved jernbanen som er enklare utforma. Ein ser at dette er sveitserstil på grunn av den bratte takvinkelen og det lange takskjegget med profilerte «åsar».





Stilen på dette huset i Alvdal sentrum minner meir om den såkalla «dragestilen»; ein fornorska variant av sveitserstilen. Desse husa hadde gjerne synleg loftverk og kunne iblant vere dekorert med spir på møne, dragehoder o.l.

Kvifor skal ein ta vare på eldre bebyggelse?

Kva for verdi har husa for folk i dag?

Dei sista åra har interessa for den lokale byggeskikken økt sterkt, og eit viktig spørsmål er derfor kva ein skal legge til grunn for å vurdere verneverdi. Bygningane har for det første historisk verdi da dei gir informasjon om det samfunnet som skapte dei.


Bygningar er «dokument» som knytter trådane bakover til dei som har levd før oss. Kva for bygningar som har verdi for den enkelte, er mellom anna avhengig av kor ein har vakse opp, sosial bakgrunn og personleg smak. Ein må derfor ta vare på ulike typer bygningar som kastar lys over livet til ulike menneske. Bygningar som det berre er nokre få igjen av, får særleg stor verneverdi: Som regel kjem bygningar av høg alder i denne

kategorien, vidare har dei enkle husa småfolk budd i lett for å forsvinne.

Å ta vare på eldre bebyggelse i si opprinnelege form, er derfor ei hovudoppgave for bygningsvernet. Men det er like viktig å sjå bygningane som ein ressurs i dag. Å sette i stand eldre bebyggelse blir stadig oftare vurdert som eit alternativ til å rive og bygge nytt; det viser seg og gjerne å falle rimlegare ut økonomisk. Med slik «rehabilitering» tek ein sikte på å tilpasse husa dei krav ein stiller i dag til den aktuelle bruken. Ein får med andre ord meir eller mindre eit «nytt» hus bak den gamle fasaden; mellom anna er større bydelar sett i stand på denne måten. I tråd med dette finn ein og arkitektar som teiknar nye hus etter mønster av eldre bebyggelse.




Dette huset som er teikna av Per Ligård, er døme på nybygg med meir tradisjonell utforming.



I forhold til andre dalføre, fann ein gjerne lite utsmykking av husa i Østerdalen. Ofte kunne det vere litt utskjering på vindskiene.



Utforminga spelar naturleg nok ei viktig rolle når ein ser bygningane i vernepespektiv. Eldre bygningar blir ofte oppfatta som meir «uttrykksfulle» enn yngre serieframstilte typehus. Dette har mellom anna samanheng med at dei er rikare på detaljar, noko som gir bygningane variasjon og liv. Slik handverksmessig utsmykking finn ein sjeldan i den nyare bebyggelsen. Som historisk kjelde har bygningane og mye å fortelje om tek-



Jonsgård på Alvdal er eit typisk bureisingbruk frå 1920-30-åra. Det var ferdig 1933 og fødte 5 kyr og nokre sauer. For å få lån i Norsk småbruk og boligbank, måtte ein bygge etter bestemte regler. Stua skulle vere lafta og driftsbygninga følger ei teikning som var tilrådd av landbrukselskapet. Jordvegen på Jonsgård var 30 dekar og bruket blei rydda av ein bygdesmed. Han dreiv i smia om dagen og braut jord om kvelden saman med sønene sine. Eigen hest fekk dei først nokre år seinare. Sonen var og smed og hovslagar, og det er han som har bygd smia. Tilsaman gir derfor tunet eit klart bilete av livet på eit buresingbruk.


nologiske og økonomiske forhold: Kva for materiale ein hadde tilgang på og den byggeteknikken ein brukte. Ein får vidare innblikk i bruken av arbeidskraft under bygginga; frå arbeidskrevande handverk til meir fabrikkmessig produksjon i dag.

Kva bruker ein huset til?

Det er særleg gjennom bruken at ein får greie på folk sitt daglegliv i tidlegare tider. Var det trangt om plassen? Kor sov dei? Ein må og sette bygningane inn i ein større samanheng: Gards-tunet er eit godt døme på dette, da kvart hus er bygd til bestemte formål for produksjonen på garden. Husa er og plassert der det var mest hensiktsmessig i terrenget. Ei løe i utmarka gjer til dømes at ein kan kjøre heim fòret på sledeføre om vinteren. Men det var ikkje alltid nødvendig med hus til dette, ettersom ein høystakk kunne ha same funksjonen. Begge delar vart brukt i Nord-Østerdalen. Endringar i produksjonen gjer og at ein stiller nye krav til bygningane; ein kunne derfor bygge om dei gamle



Sætrane var bygd for bruk i sommarhalvåret, og husa var prega av dette. Driftsforma ligg og gjerne eitt steg bak utviklinga heime på garden. Dette biletet er frå Nilsgardssætra i Kakkeldalen på Folldal.



*Høyloa var gjerne plassert på ein bakketopp, og golvet som var av halvklov-
ingar, ligg litt opp frå bakken. Høyet fekk derfor luft og var lett å hente om vin-
teren da snøen dreiv av. Denne loa er frå Kvebergskjolen, Alvdal.*

eller sette opp heilt nye hus. Mekanisert gardsdrift gjer gjerne at ein samla fleire funksjonar under eitt tak, og slik vart det berre ei driftsbygning på garden.


Det er derfor viktig at ein ikkje berre ser enkelthusa isolert, men tar for seg heile anlegget under eitt når ein vurderer verneverdi. Nyare hus og ombyggingar av dei gamle knytter tunet til endringar i resten av samfunnslivet.

Bygningane kan og ha verdi som «symbol» på ulike forestillingar folk i lokalsamfunnet har felles: Dei assosierer bestemte ting med bygningane og miljøet omkring seg. Dette kan til dømes gå på ein bestemt person som har budd i stua, eller på konkrete hendingar. Når ein ser Eidsvollsbbygningen, tenker ein gjerne på norsk sjølvstende og 1814.


Husa kunne og vise kva for sosial status ein hadde. I flatbygdene på Østlandet var det store sosiale skilnader på slutten av

1800-talet. På denne tida gav det her høg prestisje å bu i ei stor hovudbygning i to etasjer, ofte dekorert i sveitserstil. Ein hadde og gjerne ei eller fleire «storstuer» som berre blei brukt ved spesielle høve, som jul, bryllup og gravferd. Det viste at ein betydde noko i lokalsamfunnet når ein hadde råd til å bygge slik, mens alle såg at det budde småfolk i den vesle toromsstua på plassbruket.

Skikken med to etasjers hovudbygning og «finstue» trengte og inn i fjellbygdene. Særleg på større bruk kunne ein sette opp ny hovudbygning eller bygge om østerdalsstua: Til dømes kunne ein bygge til ei storstue med inngang frå klåvå'n, og ofte hadde denne stua fin panel og var malt. Ein fann likevel liten sosial skilnad her mot på flatbygda, slik at skilnaden mellom dei som hadde råd til å ta opp den nye skikken og dei andre var mindre markert.



Ofte kan bygningane knyttast til bestemte hendingar, personar eller forestillingar som framleis er levande i lokalsamfunnet. Dette er «stua hass Vesl-Magnus» på Alvdal. Han var av taterslekt og levde som «skrepp-kremmar»; han reiste frå gard til gard med handkjerra si og selde nåler, trådsneller, knappar, såpe o.l.



Hus inspirert av «jugend-stil» var på moten omkring 1920. Ein ser dette på mansard-taket og rekka med småruter øverst på vindua. Dette biletet er frå Rønningen på Alvdal.

Bygningane og bruken av dei kastar derfor lys over verdiar og haldningar folk i lokalsamfunnet hadde på 1800-talet; kva for «goder» dei trakta etter. Dette er tilhøve som er heilt bunde av tid og stad. I dag er det mindre praktisk med dei gamle hovudbygningane i to etasjer, mellom anna fordi mekaniseringa har ført til at ein treng mye mindre arbeidskraft på garden. Yngre folk vil derfor gjerne ha moderne boliger i ein etasje.

I dag er det og heilt andre forestillingar som er knytt til husa på plassbruket: Å bu her kan til dømes vise at ein prioriterer andre verdiar enn dei reint materielle, eller det kan vere meir moteprega: Ettersom interessa for eldre bygningar øker, kan det gi «prestisje» å bu i slike bygningar.

Det viser seg at geografisk særpreg på bebyggelsen har mye å seie for den forestillingen ein har om heimen og heimbygda: Husa er derfor eit konkret uttrykk for folk si «identitetsfølelse»: det å høre til ein plass. Samstundes forsterker kontrasten mel-

lom det heimlege og framande opplevinga når ein er ute og reiser: enten ein kjem frå ei brei fjellbygd i Østerdalen, ei mørk skogsbygd på Østlandet eller ein kvitmåle småby på Sørlandet.

Litteratur :

Christensen, A.L.G/Dwelling as Communication
Ethnologia Scandinavica 1979

Humanistisk forskning i bygningsvern.

Innstilling fra utvalg under Rådet for humanistisk forskning i NAVF. Oslo 1979.

Sundt, E: **Om bygnings-skikken på landet i Norge**.
Oslo 1976.